



Kristian Bringedal og Aud S. Myklebust vert sentrale under museumsdagen søndag.

Det er ein viktig tradisjon som vert halden i hevd når det vert arrangert museumsdag på Rødtunet komande søndag. Frå opninga av Bygdetunet Rød i 1984 har det vore arrangert museumsdag kvart einaste år. Kristian Bringedal har heile tida vore primus motor og den som har stått i bresjen for museumsdagane.

Søndag er det klart for ein ny museumsdag, og den vert etter same malen som no er godt innarbeidd. Det startar med gudsteneste i røykstova kl.14. Det er sokneprest Lina Håland som har gudstenesta, og som ein del av dei tidlegare åra er det Kristian Bringedal som utfører organistjobben på trøorgel.

Etter gudstenesta syt soknerådet for kyrkjekaffi før det vert ein mini-konsert med Uskedal musikklag. Musikklagsgjengen har halde speleforma ved like i sommar, og dei byr som vanleg på eit publikumsvennleg program som inneheld både marsjar, tyrolermusikk og nokre nummer frå «frelsesarmèrepertoaret». Vi håpar på fint ver slik at denne programposten kan føregå utandørs.



[Aud Sørheim Myklebust i gang med å gjera klar utstillinga.](#)

Under overskrifta «Å skapa er å leva. Å leva er å skapa» vert det så eit møte med den allsidige kunstnaren Aud Sørheim Myklebust. Saman med mannen Arne Johan er ho busett i Fana, men dei har feriehus, og ho har kunstnarstove, på Myklebust på garden der farslekta til Arne Johan kjem frå. Ho er ein svært allsidig kunstnar, og i lemstova på Rød vil noko av det ho har produsert gjennom åra vera utstilt. Det vert bildekunst med ulike teknikkar som akvarell, acryl og monotypi i tillegg til flotte vevde bilde. Dessutan stiller ho ut nokre skulpturar.

Dei siste åra har Aud vist ei anna side ved kunstnartalentet sitt. Ho har skrive dikt i alle år, men no har ho tatt dei fram frå skuffa og gjeve dei ut i bokform. Dikta er knytta til eigne bilde i kunst- og diktboka «Isrosen». På Rød vil Aud fortelja om dei ulike kunstverka og kunstnarlivet sitt, ja, og i tillegg får vi kanskje høyra eitt dikt eller to.

Sidan tidleg på 90-talet har det offisielle Kvinnheradsmeisterskapet i styltegang vore fast innslag mest kvart år. I fjor vart det sett opp ny vandrepokal frå Byggeriet Uskedal Trelastlager AS, og Ståle Eik sikra seg det første nappet etter hard konkurranse Sigmund Myklebust, Bjarte Lunde, Karoline Myklebust og Audun Eik. I år håpar meisterskapsgeneralen Bjørgulv Eik på at det stiller fleire utfordrarar slik at Ståle må ha meir enn fullklaff om han skal få eit nytt napp.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland